


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: Kyrkjekontoret



Brita Grastveit startar opp i ny stilling i kyrkja

Nytt fjes i kyrkja.

Ho heiter Brita Grastveit, og er nyleg tilsett i den nye trusopplærings-stillinga i kyrkja. 50% trusopplærings-koordinator! Nett no sit ho inne på kontoret i kyrkja på Haga og førebur oppstart av haustsesongen. Me får lov å forstyrre ho litt, for å stilla nokre spørsmål.

Om Brita

Først vil me vita litt om Brita sjølv. Ho fortel at ho er 25 år gamal, og vaks opp på Kvernaland på Jæren. Men dei fem siste åra har ho budd i Bergen og det gjer ho framleis. Ho har gått på lærarskule der. Dessutan har ho vore eit år i Kirgisistan, som studentarbeidar. Studentarbeid har ho drive med her heime også, ho er framleis leiar i studentlaget i Bergen.

Når me spør om kva interesser eller hobbyar ho har, er det song og piano som først vert nemnd. Dessutan likar ho å lesa, når ho har tid. Turar i fjellet er også kjekt. Kjem ho til å prøva seg på Samnangerfjella, lurer me på? "Kor er dei," ler ho attende. Og me forstår poenget, ho lyt få gjera seg litt kjend først. Men håpar etter kvart å kunna ta borna med seg på tur, i Samnanger.. Det skal nok ikkje verta så vanskeleg å finna eit fjell!

Om jobben hennar

Korleis er det så med denne jobben. Trusopplærings-koordinator? Kva er no det for eit langt, fint ord? Det har seg slik at kyr-

kja skal driva trusopplæring for dei døypte borna. Trusopplærings-koordinatoren skal administrera denne opplæringa. Forhåpentlegvis vil ho få med seg ein gjeng frivillige til å hjelpa seg med mange av dei praktiske tinga som skal gjerast. "Det er eg avhengig av", seier ho. Men koordinatoren skal "dra i trådane", som det heiter. Som dei fleste sikkert har fått med seg, har Samnanger fått pengar av staten til eit trusopplæringprosjekt for aldersgruppa 10.-13. år. Så dette prosjektet er det viktigaste arbeidsområdet til Brita no. Av nye tiltak for denne aldersgruppa, kan me nemna "Etter skuletid" og "Kompisklubben". Desse startar opp denne veka, og er omtala ein anna stad på kyrkjesida. Ho skal også litt innom konfirmantane og soul-x. Lovsong er stikkordet, forstår me. Men framleis er det stort sett ungdomsarbeidaren som har ansvar for denne aldersgruppa.

Utfordringar

Kva utfordringar møter ho så i denne jobben? Det som er litt

vanskeleg, er at ho ikkje kjenner bygda og folka her. - "Eg må nok snarast byrja å gå på gudstener og slikt her inne for å treffa folk," smiler ho. - "Eg treng å få med meg nokon frivillige, straks!" Elles er det meste enno nytt, stort og spanande. Kor mange born kjem det til "Kompisklubben" og "Etter skuletid"? Kjem dei til å lika seg? Og kjem me til å få foreldra med på samarbeid? Spørsmåla er mange. Det er spanande.

Ser fram til

Er det noko ho særleg ser fram til i denne jobben? - "Ja, eg gleder meg veldig til å treffa alle borna og verta kjende med dei. Det er veldig fint å få høve til å vera så mykje saman med born gjennom arbeidet mitt. Eg håpar at dei vil lika seg her hjå oss. Slappa av, trivast og få nye vener. Eg er også spent på og har forventningar til kva Gud kan gjera i Samnanger, skapa forandring!"

Me forstår at Brita verkeleg gler seg til å ta fatt som "barnearbeidar" i kyrkjelyden vår, og ynskjer ho vel møtt og lukke til!

frå kyrkjeboka



Døypte

- 25.07 - Natasha Madeleine Kollbotn
- 26.08 - Dina Aadland Bolstad
- Emilia Sofie Foss Skår
- Iselin Andreassen Myklemyr
- Oliver Naalsund Gjerde
- Emma Øpstad-Gjerde



Vigde

- 23.06 - Anne Samnøy og Kenneth Gorman
- 07.07 - Lene Høysæter og Jonny Holdhus
- 07.07 - Astrid Holmefjord og Kjell Inge Tufte Tyssen
- 21.07 - Ingebjørg Hernes og Torstein Dankel Stavenjord
- 28.07 - Asne Nålund og Dan Ketil Knutsen Aldal
- 04.08 - Jonny Sandvik og Wenche Iren Somerseth
- 04.08 - Beathe Årskaug og Øystein Tvedterås



Avlidne

- 11.07 - Gullborg Steinsland
- 23.07 - Hjalmar Ervik

På leir?

Likar du å syngja, eller kanskje å padla i kano, hoppa på trampoline og sparka fotball? Likar du å resa gjennom Tarzan-løypa eller kosa deg rundt eit leirbål i mørkret? Lika du å verta kjend med nye folk, eller å treffa att gamle kjende? Likar du å høyra om Jesus?

Då likar du deg sikkert på leir. I Sætervika har dei leirar for alle aldersgrupper utover hausten. Går du i tiende eller meir, er det KREKO både i september og oktober for deg. Kreko er ein korleir, med mykje song. På slutten av leiren, opptre korret med det dei har øvd inn. Er du ikkje gamal nok? Om du går i 6. - 9.kl., kan du vera med på KRASP i november. Bokstavane står for Krets-aspirantane, og er kor for dei som er litt yngre.

Utanom slike songleirar, er det tre haustleirar i Sætervika: ein for 4.-6.kl., ein for 6.-8.kl. og ein for 8.-10.kl., ein adventsleir for heile familien og nyttårsleir for deg som går i niende eller meir.



Sætervika er ein kjempesfin plass, med mange aktivitetar for store og små. Gå gjerne inn på dei fine nettsidene deira på "setervika.no" og les meir! Det vert også lagt ut nokre program i kyrkja på Haga.

Vel møtt !

Nytt for deg frå 10-13 år

Etter skuletid

Onsdagane sluttar mange tidleg på skulen. Er du mellom 10 og 13 år, kan du ta turen innom kyrkja på Haga frå kl.11.15 og vera der ei stund. (T.d. til foreldra dine kjem heim frå jobb. Slutt kl.16.30) Her vert det "varmestove" med sal av enkel, billeg mat. Du kan spela spel eller Play-station, høyra på musikk, få hjelp med lekse- ne eller rett og slett berre vera med venner.



Kompisklubben

Anna kvar torsdag vert det "Kompisklubb" i kyrkja på Haga. Den første er i dag, 30.august frå 17.30 til 20. Her vert det ulike aktivitetar, t.d. friluftsliv, drama, musikk, matlaging og andakt. Her kan du få deg nye kompisar, eller ta med deg ein gamal...

Misjonshelg på Kvamseter

I år er det 30 år sidan Det Norske Misjonsselskap overtok Kvamseter. Dette må feirast! Og Misjonsselskapet kombinerer like godt denne feiringa med ei misjonshelg i haust, den 8.-9.

september. Her tek m.a. Dag Kjosavik og Torfinn Hestad del. Det går an å melda seg på heile helga, eller berre å ta del i enkelt-møte og enkelt-måltid. Sjå lysing på plakatveggen!

kyrkjekalenderen

September

Søn.2. kl.11.00 - Haga **Gudsteneste** m. søndagsskule Konfirmantpresentasjon

Søn.9. kl.11.00 - Ådland **Gudsteneste** m. nattverd 50-årskonfirmantar. Tale: Svein Gjesdal

Søn.16.kl.18.00 - Haga **Lek gudsteneste** m. søndagsskule Nattverd. Tale: Odd Sverre Hove

Søn.23.kl.11.00 - Haga **Søndagsskulens dag** Familiegudsteneste m. dåp. Utdeling av 4-årsbok. Tale: Nils Arne Lavik

Søn.23.kl.18.00 - Haga **Ungdomsgudsteneste** GTX

Tys.25 kl.18.00 - Haga **Lovsongskro**

Søn.30.kl.11.00 - Sion **Fellessamling**